

Saksnr: 2020/42594-12

Saksbehandlar Charlotte Espeland

Dato: 01.09.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Kulturkonferansen 2020

Kulturkonferansen 2020 vert arrangert som ein digital konferanse 16. oktober frå 09.00 til 15.00.

Konferansen har tittelen *Kulturens samfunnsbyggande kraft*, og undertittel *Korleis kan kunst og kultur bidra i samfunnsutviklinga og styrke fellesskapa i Vestland?* Hovudtittelen er henta frå kulturmeldinga (Meld. St. 8 (2018-2019 Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida) der det vert lagt til grunn at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft. Eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom, ei opplyst offentlegheit og demokrati. Konferansen tek opp spørsmål som på ulike måtar knyter seg til kultur som kraft i samfunnsutviklinga.

Konferansen har tre hovudtema:

- Grønt vegkart for kultur
- Kultur under pandemien
- Kommune 3.0 – medborgarskap og meistring

Målgrupper er politisk og administrativ leiing i kommunane og dei regionale institusjonane og organisasjonane.

Vestland fylkeskommune samarbeider om konferansen med KS Vestland, Sunnfjord kommune, Vestland idrettskrets, Norsk kulturskuleråd Vestland og Norsk kulturforum Vestland.

Vedlagt digital plakat med informasjon om konferansen.